Valle kommune

# Notat

Til:

*Møtedeltakarane*

*Leiargruppa*

*Compilo*

| Vår ref: | Sakshandsamar: | Arkivkode: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2020/228-58 | Aud Sunniva Fuhr, aud.sunniva.fuhr@valle.kommune.no | X26 | 04.02.2021 |

## REFERAT FRÅ MØTE I KRISELEIINGA 04.02.2021

| | |
|---|---|
| Møtestad: | TEAMS |
| Møtetidspunkt: | 04.02.2021 kl. 15:15 |
| Desse møtte: | Aud Sunniva Fuhr, Dag Steinar Skagestad, Solveig Kyrvestad, Torleif Homme og Gunn Marith Homme |

| Nr. | Sak | Ansvar | Frist |
|---|---|---|---|
| 1. | Status<br>Valle kommune deltek på jamnlege møter med statsforvalteren. | | |
| 2. | Skule og utdanning<br><br>Ingen endringar. Er framleis på gult nivå.<br><br>Svømmehall er framleis stengt for fritidsbading førebels fram til neste møte i kriseleiinga i slutten av veke 7. | | |
| 3. | Idretts, fritids- kultur og livssynsarrangement<br><br>UKM ser ein for seg ikkje kan gjennomførast på tradisjonelt vis. Eit eventuelt arrangement med mange deltakarar kan nok ikkje gjennomførast før tidlegast etter påske, men dette er avhengig av smittesituasjonen.<br><br>Førespurnad frå Pistolklubben om å ha øvingar no. Konklusjonen er at med bakgrunn i dei nasjonale retningslinjene om organisert aktivitet for vaksne, må bruk av skytebanen utsettast inntil vidare. Det skal være nytt møte i kriseleiinga i veke 7 og det vil bli tatt opp på nytt i dette møtet | | |
| 4. | Sosial kontakt<br><br>Oppmoder framleis om minst mogleg sosial kontakt, men viktigast er å følgje dei nasjonale føringane. | | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Dei finn du her: https://www.helsenorge.no/koronavirus/oversikt-over-regler-og-anbefalinger/ | | |
| 5. | Reiser<br><br>Kommunalt tilsette skal avgrense reiseaktivitet i jobbsamanheng til det mest naudsynte | | |
| 6. | Heimekontor<br><br>Vi pålegg ikkje heimekontor, men skal vurderast i særskilte høve. Det er leiar sitt ansvar å vurdere. Smittevern skal ivaretakast og den enkelte eining syter for tiltak/rutinar for dette.<br>Avgrense møteaktivitet. Hovudregel er gjennomføring av møter digitalt.<br><br>Ved fysiske møter:<br>2 meter avstand<br>Vurdere bruk av munnbind | | |
| 7. | Næring<br><br>Oppfølging av innreisereglar og tilsyn av smittevern er det smittevernlege som har ansvaret for. Securitas vert bestilt til å ha kontroll før, eller i vinterferien. | | |
| 8. | Status i Valle kommune er at det er ingen smitte pr. dd.<br><br>HUGS likevel å vaske hendene, hald avstand og ver heime når du er sjuk!<br><br>Ingen lokale reglar i Valle kommune. Vi følgjer nasjonale råd og reglar. | | |
| 9. | Neste møte vert i slutten av veke 7. | | |

Med helsing

Aud Sunniva Fuhr
Kommunedirektør